

22. mars 2020

Heimeskole og fråvær

No når skulane er stengt og du får heimeskole via nett oppstår det nokre spørsmål kring fråvær og føring av fråvær.

Så lenge skulane er stengt skal ikkje skulen føre fråvær som

- 1) kjem på vitnemålet eller kompetansebeviset, eller
- 2) går på fråværsgrensa.

Du må framleis møte og delta aktivt i opplæringa slik at læraren din får **grunnlag til å vurdere deg i faget**. Sjølv om skulane er stengt skal du likevel få standpunktkarakter. Difor er deltaking og nærvær like viktig no som før.

Om du ikkje deltek i planlagde møter eller leverer arbeid inn til lærar vil det verte ført fråvær. Dette er for at lærar skal ha oversikt over kor mykje kvar elev deltek i undervisninga. For lite deltaking kan føre til at lærar ikkje har **tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag** til å setje standpunktkarakter.